

ÅRSMELDING VIK BÅTFORENING – 2016

Styret for 2016 har vore:

Dagfinn Otterskred (leiar), Bjørn Moheim (kasserar), John Harald Systad (sekreter), Arnstein Hønsi og Gunnar Tistel (styremedlemer).

Medlemstalet ligg stabilt på 60 stk. +/-

Ingen store saker har vore oppe til behandling i 2016, og vi har berre halde 3-4 styremøter.

Dugnaden om våren var vellukka. Mykje forefallande- og vedlikeholdsarbeid vart gjort.

Straumproblema som har vore med brot og jordfeil fram til A-bryggja er permanent utbeta i og med at vi har grave opp i grunnen og lagt ned ny kabel.

Styret har registrert at webkameraet som dekker båthamna er godt motteke. Mange set pris på dette. Alle kan no sitje heime og sjå til båten sin. Men det viktigaste er likevel overvåkning, eller settare sagt mulighet til å overvåke/spole tilbake dersom uønska hendingar har funne stad. Det er her viktig å understreke at studering av filmmaterialer ikkje vil bli gjeve adgang til for kven som helst. Datatilsynet sine reglar vil gjelde, og etter evt. uynskte hendingar vil båtforeningen i samarbeid med politiet kunne nyttiggjere seg filmopptak.

Utfylling av molo og gangveg på vestsida dreg dessverre noko ut i tid, tross fleire møter med kommunen. Det er grunna omstende båtforeningen ikkje rår over. (kommune og reguleringsplanar). Det er synd sidan vi no har tilgang på gratis stor skotstein.

Utbetring av båtopptrekket i fjor vart mislukka grunna for lite utfjæra og forsøk med arbeid i blinde. Skal prøve å gjere dette betre i år. Har ikkje passa med fri frå jobb/gravemaskin/stor utfjøre tidlegare, men i går ettermiddag (13/3) hadde vi gravemaskin på plass og klargjorde for støypling. Røyrvik Bygg og Betong var også til stades og planlagde jobben. Håpar å få gjort denne jobben ved denne fullmånen. Dersom ikkje må vi vente heilt til 28. mars og nymåne igjen (stor utfjøre).

Bakerste delen av båtvogna vert fornya og galvanisert.

Det vil bli montert låsbar port ved A-bryggja.

Vik båtforening, 14. mars 2017

-styret-